



Notat

Dato: 01.09.2016
Arkivsak: 2014/16773-17
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av IA-avtalen - status september 2016

Det vert vist til HAMU-møtet 11.03.2016 og status for IA i HFK pr. mars 2016.

Fylkesrådmannen legg her fram status for handlingsplanen for IA pr. september 2016, sjå vedlegg.

Sidan mars er det ikkje store endringar i planstatus. Dei fleste tiltaka er gjennomført eller under oppfølging. Fleire av tiltaka er prosessprega lokale aktivitetar som ikkje er kartlagt, ref. tiltak nr. 5, 13 og 17. Andre tiltak vert direkte eller indirekte kartlagt gjennom Eigenkontrollen.

Nærværsmåla er i liten grad oppnådd ut frå statistikk for 2016, jf. tiltak 6 og 7. Unntak er Økonomi- og organisasjonsavdelinga, som i første halvår ligg omtrent på målalet sitt. Sjølv om sjukefråværet gjekk noko ned i andre kvartal, ser det ikkje ut til at samla nærvær kjem opp i 95 prosent i 2016. Dette gir grunnlag for meir vekt på førebygging og reduksjon av sjukefråvær i HFK.

Fylkesrådmannen ønskjer framleis innspel og synspunkt om dette frå HAMU-medlemmene og frå vår kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter Hordaland.

Arbeidet med livsfasepolitisk handlingsplan (tiltak nr. 16) har tatt lenger tid enn planlagt, men er no i sluttfasen og vert truleg ferdigstilt til handsaming i HAMU i oktober 2016.

Vedlegg:

Handlingsplan for Inkluderande Arbeidsliv i HFK 2014-2018 – Status september 2016